
Fra: Ann-Therese Strønen
Sendt: 2. januar 2018 08:31
Til: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Emne: SV: Søknad om LPG-gassforsyningsanlegg - sak 17/3161 - gbnr 221/15 Eikefet

Hei Tone,

Dokumentasjonens omfang skal vere etter anleggets kompleksitet, størrelse og plassering. Denne LPG-tanken har eit volum som er like under grensa for krava til storulykkeforskrifta. I tillegg er anlegget plassert i nærleiken av offentlig veg (75 m). For det aktuelle anlegget må det, med referanse til § 16, kunne forventas at det som eit minimum går fram av risikoanalysen korleis aktuelle uønska hendingar ved anlegget kan gje konsekvens utanfor arealet verksemda sjølv har kontroll over. Vi kan ikkje sjå at den tilsendte risikoanalysen dokumenterer korleis uønska hendingar kan gje konsekvens utanfor verksemdas område (eks: vil ein gassky kunne nå E39?).

Dersom det her vert ei storulykke kan vi få ei stor og alvorleg utfordring: naudetatane kjem ikkje fram til staden med bilar om tunellane vert stengd. Eg kan ikkje sjå at dei i risikovurderinga har tatt høgde for vindretning ved ei potensiell hending, stenging av E39, og/eller risiko ved båtar som ligg til kai i Eikefet.

Eg vil anbefale at Statens vegvesen får uttale i saka og at det vert laga ei sårbarheitsanalyse.

Ha ein flott dag!

Med vennleg helsing

Ann-Therese Strønen

Branningeniør

Telefon: +47 56 37 56 94

Mobil: +47 40 90 33 10

Fra: Tone Margrethe Bærland Furustøl
Sendt: torsdag 21. desember 2017 15:17
Til: Ann-Therese Strønen
Emne: Søknad om LPG-gassforsyningsanlegg - sak 17/3161 - gbnr 221/15 Eikefet

Hei.

Det har vore e-postkorrespondanse mellom dykk og tiltakshavar i saka.

Er saka godt nok opplyst for dykkar del slik at saka kan sakshandsamst frå vår side eller trenger de meir tid til å vurdere innkomne opplysningar?

Viss de treng meir tid, kan vi få ein tilbakemelding når vi kan sakshandsame saka?

Tone Furustøl | rådgjevar byggesak

E-post: tone.furustol@lindas.kommune.no | **Telefon:** +47 56 37 54 01

Kundesenter: +47 56 37 50 00 | **Heimeside:** www.lindas.kommune.no



LINDÅS KOMMUNE